

Til eigenkapitalbevisigarane i Tysnes Sparebank.

Innstilling til val av medlemmer til forstandarskapet og til eigenkapitalbevisigarane sin valkomite.

Tysnes Sparebank har sendt ut brev til eigenkapitalbevisigarane med frist til å koma med forslag til valkomiteen innan 25. januar. Det er ikkje kome innspel.

Valnemnda, som består av Atle Tornes, leiar, og medlemmene Kjell Fylkesnes og Yngve Nesland Vevatne, har hatt to møte, eit fysisk og eit elektronisk. Varamedlem Kjell Tofte har delteke på eit møte for å sikra kontinuitet. Nemnda er kome til fylgjande innstilling:

Val til forstandarskap.

Det er ikkje val til forstandarskap i 2023.

Val til eigenkapitalbevisigarane sin valkomite.

Eigenkapitalbevisigarane sin valkomite har tre medlemmer, og ein varamedlem.

Leiar Atle Tornes og nestleiar Kjell Fylkesnes vart valde for to år i 2019 og attvalde i 2021. Dei tek ikkje attval.

Medlem Yngve Nesland Vevatne vart velt for eit år i 2022. Han tek attval.

Varamedlem Kjell Ståle Tofte vart velt for eit år i 2022.

Ved valet i 2022 vart det protokollert:

Etter instruks for hovudvalkomiteen § 2,2.ledd.2.punktum skal val til hovudvalkomiteen haldast annakvart år. Det vart presisert at dette også skulle gjelda val til valnemnda.

Valet gjeld difor for 2 år for både medlemmer og varamedlem.

.....

Varamedlem Kjell Ståle Tofte vart velt for eit år i 2022. Det var då intensjonen at han kunne gå inn som nytt medlem første gong det vart ledig plass. Han har sagt ja til å gå inn som nytt medlem.

Gunni Sandvik, fødd 1966, er utdanna økonom. Ho er bur i Fitjar, arbeider i Salt Ship Design, Stord, og har lang erfaring frå næringslivet i Sunnhordland, og frå diverse styreverv. Ho representerer Gardsenden AS, og har sagt ja til å gå inn i nemnda som nestleiar.

Øystein Flakke, fødd 1966, bur i Tysnes, og er prosessoperatør offshore i Equinor. Han har vore tre periodar i kommunestyret i Tysnes. Han har sagt ja til å gå inn som ny varamedlem.

Nemnda har etter dette god geografisk spreining i banken sitt nedslagsfelt og rimeleg kjønnsbalanse.

CV'ar for dei nye kandidatane er ikkje lagt ved mtp personvernet.

Innstilling på medlemmer til valkomite:

Leiar: Yngve Nesland Vevatne

Nestleiar: Gunni Sandvik

Medlem: Kjell Ståle Tofte

Varamedlem: Øystein Flakke.

Stord 31. januar 2023.

Atle Tornes (sign)

Kjell Fylkesnes (sign)

Yngve Nesland Vevatne (sign)